



Strategiplan for Forsking og utvikling (FoU) 2012-2015

Godkjend av styret 26. april 2012

FoU ved Høgskulen i Volda
– mål, faglege satsingsområde, kompetanseutvikling og tiltak

INNLEIING

Alle statlege høgskular skal basere verksemda på det fremste innan forskning. Høgskulen i Volda utarbeider difor fireårsplanar for forskning- og utvikling. Den førre planen, for 2008-11, og evalueringa av denne i Forskingsmeldinga for 2011, har vore grunnlaget for arbeidet med ny plan. Arbeidet har vore leidd av prorektor og Forskingsutvalet. Møreforskning har delteke gjennom sin representant i Forskingsutvalet.

Det har vore viktig i prosessen å bygge ein ny strategiplan på dei erfaringar som har vore gjort med den gamle, og på nye utfordringar vi står overfor. Starten var difor eit notat sendt til avdelingane 21. september 2011, der alle institutt vart oppmoda om å kome med innspel. I løpet av november kom det inn svar frå dekanar, instituttleiarar og enkeltforskarar. I tillegg vart FoU-strategi drøfta i møte og seminar.

Forskingsutvalet handsama utkastet til strategiplan i desember, og det vart sendt på høyring med svarfrist 1. mars 2012. Det kom inn høyringssvar frå alle avdelingane, stipendiatane, Møreforskning, Forskarforbundet og Utdanningsforbundet. Desse vart lagt fram for Forskingsutvalet 23. mars. Endeleg utkast vart deretter utarbeidd av rektoratet og handsama i HVO styret 26. april.

1. Visjon for HVO: Kunnskap for framtida

Høgskulen i Volda skal bygge FoU-aktiviteten på ei brei humanistisk og samfunnsfagleg felles plattform. Den regionale og nasjonale forskingsprofilen vår skal utviklast vidare på dette grunnlaget.

2. Utfordringar

HVO treng å:

- sikre fagtilsette betre utnytting av FoU-delen av stillingane
- skape fleire høve til konsentrerte FoU-bolkar
- få betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar
- rekruttere fleire kvinner til faglege toppstillingar
- få til betre kollegarettleiing
- få fleire FoU-aktive
- få auka søknads- og prosjektleiingskompetanse
- utnytte eigarskapen til Møreforskning til felles forskingssatsingar
- få meir eksternt finansiert forskning
- få meir fokus på internasjonalisering

3. Overordna mål

Forskning og utviklingsarbeid ved høgskulen har som overordna mål å bidra til kunnskapsutvikling innanfor alle høgskulens utdanningsområde.

Forskning og utvikling ved høgskulen skal:

- halde oppe og utvikle høg kompetanse gjennom forskning på fag vi underviser i
- styrke det forskingsbaserte kunnskapsgrunnlaget på bachelor- og masterutdanningane

- bidra til kunnskapsbasert praksis, og kritisk og reflektert profesjonsutøving
- vektlegge FoU i profesjons- og fagutdanning for skule og samfunn
- vektlegge FoU innanfor nynorsk, språk og kulturforståing, mediefag, religion/etikk, historie og praktisk-estetiske fag
- legge praktisk til rette for at fagtilsette kan konsentrere FoU-timane til bolkar eller forskningsterminar
- auke andelen FoU-aktive gjennom kollegarettleing
- arbeide for at alle avdelingar får naudsynt toppkompetanse med tanke på nasjonale og internasjonale forskingsoppdrag
- samarbeide med Møreforskning om gjensidig utvikling av FoU-verksemda
- legge til rette for at stipendiatane kan gjennomføre doktorgradsarbeidet på normert tid
- bidra til utvikling og innovasjon i arbeidslivet, særleg i vår region
- ha internasjonal standard, aukande samarbeid med forskarar i andre land også innafor EU-programma

4. Resultatmål i planperioden

- Alle tilsette med FoU-ressurs har i perioden delteke med innlegg på konferanse, artikkel i tidsskrift eller kunstnarleg/fagleg utviklingsarbeid registrert i Cristin.
- Minst 50 % av dei tilsette med FoU-ressurs har kommunisert faget sitt internasjonalt: på konferanse, i antologi, monografi, tidsskrift eller prosjektdeltaking.
- HVO er blant de fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng pr. fagleg tilsett.
- Minst 50% av alle fagtilsette har førstekompetanse.
- Minst fem fleire kvinner har dosent- eller professorkompetanse.
- Forskarar ved HVO har delteke i fleire EU-finansierte forskingsprosjekt/nettverk.
- Minst 75 % av dei som har planlagt å fullføre doktorgrad med støtte frå HVO i planperioden har fullført.
- HVO har fått tilslag på minst eitt nytt SHP-prosjekt (Strategiske høgskuleprogram) og ytterlegare tre NFR-finansierte prosjekt (Noregs forskingsråd).

5. Strategiske arbeidsmåtar

1. Høgskulen vil i perioden satse spesielt på meir effektive måtar å nytte FoU-ressursen i stillingane. Vi har gode resultat i dag, men potensialet er større. Avdelingane/institutta bør difor legge til rette for at FoU-ressursen kan bli tatt ut i konsentrerte bolkar, gjerne i heile semester. Ved planlegging over to år vil ein til dømes kunne undervise meir i tre semester og ta ut det fjerde som forskningstermin. Tiltaket krev ingen ekstra kostnader, men vil kunne gje god økonomisk og fagleg utteljing.

2. Det blir forventa at fagleg høgskuletilsette driv FoU-arbeid. Dekanen har ansvar for at forskingsplikta blir oppfylt. Plan for bruk av FoU-ressursen skal godkjennast av dekan på førehand, og rapport skal leverast for kvart kalenderår. Dekan syter for oppfølging av dei som ikkje er aktive.
3. Høgskulen vil følgje opp dei interne forskingsprogramma som vart tildelt i førre periode og evaluere desse med tanke på moglege nye satsingar på andre fagfelt.
4. Høgskulen vil vidareføre ordninga med små driftsmidlar til enkeltforskarar med gode prosjekt.
5. Høgskulen skal framleis ha ein intern fordelingsmodell for FoU-inntekter for å sikre brei og relevant fagleg aktivitet.
6. Høgskulen vil styrke finansieringa av FoU-stipenda.
7. HVO vil nytte seg av ressursane som ligg i forskarskulane vi har avtale med: Religions, Values, Society, Nasjonal Forskerskole for Lærerutdanning og Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, og delta i etableringa av nye forskarskuler innanfor strategisk viktige område.
8. Stipendiatar skal følgjast opp slik det går fram av regelverk for stipendiatar, revidert 2011. Rettleiinga skal ha spesielt fokus på planlegging for gjennomføring. Ein skal nytte seg av stipendiatane sine erfaringar og undervegs-evaluering for å sikre god tilrettelegging.
9. Kvinner som er nær toppkompetanse, vil bli prioriterte ved tildeling av stipend, stønader eller forskningstid inntil målsettinga om fem fleire er nådd.
10. Toppkompetansen bør nyttast strategisk t.d. for å drive fag/respons-grupper der tilsette kan legge fram uferdige arbeid. Spesielt kan den rettast mot nyare tilsette som treng råd for å skrive konferansepaper/artikkel. Også professor II-stillingane bør nyttast slik.
11. HVO vil oppmuntre til studentaktiv forskning.
12. Alle avdelingane skal i samråd med informasjonskontoret aktivt spreie opplysning om gode FoU-resultat til oppmuntring for dei som står bak, og til profilering av verksemda.
13. Vi skal søkje om nye prosjekt innanfor SHP og prioritere arbeid med søknader mot andre fagleg relevante NFR-program.
14. HVO skal samarbeide om forskingsprosjekt innanfor Mørealliansen, Midtnorsk Nettverk og UHnettVest.
15. Vi skal vere med på søknader i internasjonale prosjekt, t.d. under *Horizon 2020*.
16. HVO skal auke omfanget av anvendt forskning mellom anna gjennom betre samarbeid med Møreforskning.

6. Tiltak på fellesnivå

- Evaluere program for fagdidaktisk forskning i løpet av 2012
- Evaluere program for profesjonsforskning i 2013
- Desse evalueringane skal gje grunnlag for å vurdere eventuell ny programsatsing
- Evaluere og eventuelt vidareføre førstelektorkurset
- Utarbeide tiltak for å stimulere til FoU-samarbeid på tvers av avdelingar for å nytte kompetanse og ressursar på best måte

- Sikre betre koordinering av ressursane i forskarskular, kurs og forum for stipendiatar og tilsette
- Gjere ein gjennomtenking av HVO sine personalbehov og prioritere framtidig stipendiatsatsing
- Utvikle felles kriterier for tildeling av FoU-ressurs
- Legge vekt på å auke søknads- og prosjektleiingskompetansen
- Følgje opp nyttilsette med tanke på kompetanseplan

7. Strategiar og tiltak på avdelingsnivå

Med grunnlag i den overordna FoU-strategien til HVO skal avdelingane innan utgangen av 2012 foreslå for styret:

1. Strategiske satsingsområde på avdelingsnivå, knytt til behovet for forskingsbasert undervisning på bachelor, master- og eventuelt doktorgradsnivå i fireårsperioden
2. Plan for utnytting av FoU-ressursen i stillingane, med spesiell vekt på mogleg bolkelegging/forskingstermin
3. Tiltak som kan oppmuntre kvinner til å utvikle toppkompetanse
4. Tiltak som kan betre gjennomføringsgraden for doktorgradskandidatar
5. Tiltak som kan auke omfanget av oppdragsverksemd
6. Tiltak som kan auke graden av internasjonalt engasjement